

Mister vi de gynekologiske pasientene er det svært uinteressant for gynekologer å jobbe her. Men da igjen vil gå ut over fødelidelsen.

Uten leger må vi sende fra oss kompliserte pasientene, noe som vil gå ut over intensiv forfødt.

Er det ingen som snart kan snakke om kvalitet på tjenesten som skal tilby pasientene? Det beste vi hører er senger og penner. Ingen av de høye herrene snakker om de som ligger oppi sengene!

Vi som jobber nært pasienten ser at alle har ulike behov. Og det er ikke bestandig det er antall pasienter som styrer arbeidsmengden. Alle har ulike behov for omsorg. Noen bruker vi lite ressurser på og andre mye.

Et tall i en kolonne, som betyr mest for de som styrer pengepungen, betyr ikke det samme for oss som står ved sengekanten. Og alle som har greie på statistik, vet at ett tall viser ikke alltid realiteten. Men kan ikke annet enn å si jeg føler meg lurt. Det som er verre er at pasientene også blir ført bak ryggen. Er det virkelig sånne ledere som vil ha?

#### Jane Nysveen

Formor og tillitsvalgt Norsk pleierforbund

## arkets

ette burde ikke være vanligere enn at Jernbaneverket, som en fare blir identifisert, søk for at faren blir eliminert, og retter regningen sendes til de vedkommende, eller betalt av den selv.

Med dette vil jeg utfordre Jernbaneverket til å forklare loven i deres opptreden, eller om det er sagt fratreden i denne sammenheng, i forhold til det som står på www.jernbaneverket.no: Tryggleik og tryggingstenes-

Jernbaneverket kartlegg, fjerner og utbetrar risikopunkt som kan føre til uhell og ulykker. Jernbaneverket er budd på å foreta flere vondsinnede handlingar som konsekvensane av dei i nært samarbeid med Politiet si tryggingsteneste.

— Erik Nordlie

**Språkåret:** No lurer du sikkert fælt på kva eg har tenkt å skrive om i dag. Men ikkje uventa handlar det om språk også denne gongen.

# Kva vondt har desse borna gjort?

## MENINGER

Jens Haugan



**E**g sit med eit lite raudt hefte på ca. tretti sider skrive av Halvor Floden frå Trysil/Hernes. Floden var fødd på slutten av 1800-talet og var kanskje mest kjend som barnebokforfattar.

Men han var også folkeskolelærer og målmann. I april 1936 heldt han eit foredrag for Austmannalaget der han spurde retorisk: «Kva vondt har desse borna gjort?».

Emnet til Floden var «mishøvet mellom morsmålet og skulemålet». Utgangspunktet var at: «Heile den tida eg har vore lærar, har eg arbeidd i ei bygd med eit særmerkt, reint og godt norsk bygdemål (Elverum), men norskdan-sken ('bokmålet') har vore hovudmål i skulane.»

Det er interessant å lese dette no i dag, etter at radioen og tv-en og ikkje minst Internett har komme og ført til dialektutjamning og normalisering. Og sjølvstund må ein hugse på at bokmålet har endra seg temmeleg mykje sidan den gongen.

■ Men tenk over situasjonsbeskrivinga Halvor Floden kom med i 1936:

«Kvar dagen, kvar timen har eg vore nøydd til å sjå på at det framande målet har kome på tverke for dei. Det har vore ei plåge og ei tyngsle, det har sett dei attende i utviklinga, det har kjøvt interessa, demt opp for evnene, gjort alle



**NYNORSK:** Sumtid har det synt seg at det kan vere færlig å sleppe borna til å skrive morsmålet sitt i ein bokmålsskule: Dei vil halda fram! skriver Jens Haugan – og siterer Halvor Floden.

FOTO: NTB SCANPIX

bøker og fag tunglærde, av di skriftmålet og lærebokmålet var nok heilt anna enn bygdemålet.»

Hadde dette vore skrive på bokmål og stått på trykk i dag, hadde nok dei fleste tenkt at det handla om nynorsk. Men dette var altså erfaringane til ein lærar i den norske skolen på 30-talet, og det var på Austlandet.

■ «Sjå på boka mi, segjer barnet. Nei, se på boken din, segjer skulen. Auga mine, har mor sagt, men lærarinna rettar det til øinene mine. Handa åt barnet får ikkje sleppe til med å skrive 'norsk' – barnets hånd lyt ta seg av slikt. Beina åt barnet er for simple til å trø på golvet i skulestova, – benene må 'tre' på gulvet i skolestuen.»

Halvor Floden hadde mykje interessant å fortelje, og noko kan høyrast ut som reine eventyr:

«Sumtid har det synt seg at det kan vere færlig å sleppe borna til å skrive morsmålet sitt i ein bokmålsskule: Dei vil halda fram! Dei er ikkje seine um å sjå at dette er då på lag med det same som nynorsk.

Og snart troppar dei opp – den eine etter den andre – og bed og bed: Vi vil få skrive nynorsk! Det er so lett, det er som vårt eige, det er so morosamt so! Ein gong kom mest heile klassa og fall over meg med slike krav, og sume nekta blankt å skrive fleire stilar på bokmål.»

■ Det var nesten 40 prosent nynorskbrukarar før krigen, og talet var stigande. Men krigen sette ein stoppar for denne utviklinga.

Historia til Halvor Floden er skolehistorie og målhistorie. Om ein vil avfeie dette som eit tilbaketog stadium, kan ein gjerne gjere det.

Men ein får vel unekteleg noko å tenkje på, eller?



**Det er interessant å lese dette no i dag, etter at radioen og tv-en og ikkje minst Internett har komme og ført til dialektutjamning og normalisering.**